

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert fra plan, landbruk og teknisk	11.01.05	248/04	KME
Delegert fra plan, landbruk og teknisk	08.02.05	002/05	TSVE

Sakshandsamar: Tore Svendsen	Arkiv: GBNR- 45/171 Objekt:	Arkivsaknr 2004000816
------------------------------	-----------------------------------	--------------------------

### GNR. 45/358 MANGER/RØRLIEN - SØKNAD OM IGANGSETJINGSLØYVE - LANGHØYANE 6 - GODKJENNING.

#### Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	12.10.04	Radøy kommune	Søknad om deling av grunneigedom
3	U	11.01.05	Vigdis Grindheim Rørlien og Jostein Rørlien	Gnr. 45/bnr. 171 - Tomt B6, Urhaug C.
4	U	20.01.05	Atle Vaage og Linda Gundersen	Gnr. 45/bnr. 171 - Tomt B6
5	I	25.01.05	Voss Byggsenter	Gnr 45/171 - Søknad om igangsetjingsløyve
6	I	02.02.05	Nordhordland Tingrett	Gnr 45/358 - Retur av tinglyst dokument
7	I	03.02.05	Nordhordland Tingrett	Tinglysing av skjøyte

#### Saksutgreiing:

Søknaden gjeld igangsetjingsløyve for arbeida med oppføring av bustadhús og garasje.  
Rammeløyve vart godkjent som sak 01/05, datert 08.02.05.

Radøy kommune har ingen merknader til søknaden.

#### Vedtak:

**I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 11.12.2003, vert det gjeve IGANGSETJINGSLØYVE for arbeida med oppføring av bustadhús og garasje i medhald av plan- og bygningslova §§ 7, 66, 70, 74, 93 b, 95 a og 98 på følgjande vilkår:**

1. Vilkår som elles er sett i rammeløyve gjeld framleis.
2. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.

3. Det vert å betale følgjande gebyr for denne handsaminga av søknaden Dykkar:

Plan og forvaltning:	Til konto:	16220 4000 1200:
C.3.2	Dispensasjon(sjå rammeløyve sak 01/05)	Kr. 4000,-
C.3.3.1	Tilleggsgebyr, delt handsaming	Kr. 1200.-
	<b>SUM</b>	<b>Kr. 5200,-</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

4. Radøy kommune gjev **Voss Byggsenter AS** ansvarsrett (sentralt godkjent føretak) som ansvarleg **UTF/KUT** for tømmerarbeida og installasjonar som naturleg hører til, t d ventilasjon.

Radøy kommune gjev **Br. Myking Maskinstasjon AS** ansvarsrett og lokal godkjenning (tidlegare lokalt godkjent føretak) som ansvarleg **UTF/KUT** for grunn- og betongarbeida.

Radøy kommune gjev **Kvalheim VVS** ansvarsrett og lokal godkjenning (tidlegare lokalt godkjent føretak) som ansvarleg føretak for all VVS arbeida, inkl **PRO/KPR**.

Radøy kommune gjev **Radøy Steinindustri AS** ansvarsrett og lokal godkjenning (tidlegare lokalt godkjent føretak) som ansvarleg **UTF/KUT** for muring av pipe og brannmur, montering av eldstad og membran- og flisearbeid.

Det vert forutsett at føretak som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av forskrift om føretak for ansvarsrett (GOF).

**Når gebyr er betalt og kvittering er motteke av kommunen, kan arbeida setjast i gang.**

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve, eller seinast 4 veker etter at mellombels bruksløyve er gitt.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas §§ 98 og 99 og SAK § 30, og kontrollerklæring/-melding skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang eller igangsetjingsløyve for evt. resterande delar av tiltaket ikkje er gjeve innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller arbeida vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følge plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Tore Svendsen  
Byggesakshandsamar

**Kopi til:**

Vigdis og Jostein Rørlien  
Voss Byggsenter

Brynaflaten 8  
Brynali 101

5700 VOSS  
5700 VOSS